



# NOREGS HØGSTERETT

Den 21. september 2018 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Normann og Bull i

**HR-2018-1786-U, (sak nr. 18-135564SIV-HRET), sivil sak, anke over orskurd:**

A (advokat Kari Günther Sandvand)

mot

Fylkesmannen i Oslo og Akershus (rådgiver Pål Hamre Ness)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens orskurd om partshjelp.
- (2) Tvisten om retten til partshjelp gjeld ei sak til prøving av vedtak frå Fylkesmannen i Oslo og Akershus om fråtaking av rettsleg og økonomisk handleevne og oppnemning av verje for A.
- (3) Asker og Bærum tingrett gav dom 9. februar 2018 med slik slutning:
  - "1. Vedtak fattet av Fylkesmannen i Oslo og Akershus 25. januar 2017 om oppnevning av verje for A opprettholdes.
  2. Krav om å frata A den rettslege handleevnen i økonomiske forhold tas ikke til følge."
- (4) A har anka spørsmålet om oppnemning av verje til Borgarting lagmannsrett. Den 6. juli 2018 melde Norsk forbund for utviklingshemmede at dei ønskte å gå inn i saka som partshjelpar. Fylkesmannen i Oslo og Akershus motsette seg dette.
- (5) Borgarting lagmannsrett gav 13. august 2018 orskurd med slik slutning:

"Norsk Forbund for Utviklingshemmede tillates ikke å opptre som partshjelper for A."

- (6) Lagmannsretten la til grunn at tvistelova § 15-7 om partshjelp ikkje kjem til bruk på saker etter verjemålslova.
- (7) A har anka over lagmannsrettens orskurd til Høgsterett og gjort gjeldande at tvistelova § 15-7 om partshjelp kjem til bruk i verjemålssaker og at Norsk forbund for utviklingshemmede derfor kan vere partshjelpar. Saken ligg klart innanfor forbundets formål og naturlege verkeområde.
- (8) Fylkesmannen i Oslo og Akershus har i tilsvar gjort gjeldande at lagmannsrettens orskurd er riktig.
- (9) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anke gjeld ein orskurd som lagmannsretten har gitt som førte instans. Utvalet har då full kompetanse, jf. tvistelova § 30-3 første ledd, jf. § 29-3 første ledd.
- (10) Etter tvistelova § 15-7 første ledd bokstav b) skal partshjelp tillates for "foreninger og stiftelser, samt offentlige organer med oppgave å fremme særskilte interesser, i sak som ligger innenfor deres formål og naturlige virkeområde etter § 1-4".
- (11) Lagmannsretten kom til at føresegna ikkje gjeld for saker etter verjemålslova, med slik grunngiving:

**"For rettens saksbehandling i saker om vergemål gjelder de alminnelige reglene i rettergangslovgivningen så langt de passer, jf. vergemålsloven § 71 første ledd. Det er lagmannsrettens syn at bestemmelsen om partshjelp i tvisteloven § 15-7 første ledd ikke er omfattet av de regler som etter vergemålsloven § 71 første ledd får anvendelse så langt de passer.**

**Vergemålsloven kapittel 8 og 9 inneholder særlige regler for vergemålsmyndighetene og domstolenes saksbehandling i vergemålssaker, herunder om hvem som har rett til å begjære vergemål og er part eller senere kan tre inn som part i saken, jf. § 56, og hvem som kan påanke dom, jf. § 73 annet ledd.**

**Når det er særskilt foreskrevet hvem som kan være parter, beror det på en tolking om andre kan opptre som partshjelper. Lagmannsretten legger til grunn at det ikke kreves uttrykkelig hjemmel for at partshjelp ikke skal være tillatt, jf. Skoghøy, *Tvisteløsning* (2. utgave) side 480.**

**Lagmannsretten antar at de regler som gjelder for behandling av saker om vergemål, naturlig må forstås slik at partshjelp ikke er tillatt. Retten finner støtte for et slikt syn blant annet i Rt. 1983 side 998 U med videre henvisning til forarbeidene til den tidligere umyndiggjøringsloven og i juridisk teori, jf. op. cit. side 480. Det må legges til grunn at en rett for en interesseorganisasjon, som her, til å erklære partshjelp i vergemålssaker, med påfølgende krav på å være til stede i rettsmøter, komme til orde og ellers foreta prosesshandlinger til klargjøring av de rettslige spørsmål som begrunner intervensjonen, jf. tvisteloven § 15-7 fjerde ledd første punktum, ville stride mot vergemålslovens system. Etter lagmannsrettens syn taler ikke reelle hensyn eller hensynet til sakens opplysning med tyngde for en annen forståelse."**

- (12) Ankeutvalet sluttar seg til lagmannsrettens grunngiving og resultat.
- (13) Anken blir etter dette å forkaste.
- (14) Orskurden er samrøystes.

SLUTNING:

Anken blir forkasta.

Kristin Normann  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Henrik Bull  
(sign.)

Rett utskrift: